Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Bordskikk til kvardags

Oppskr. av: Rikard Rogdo

(adresse): Nå, Hardanger.

Fylke: Hordaland

Herad: Ullensvang

Bygdelag: Sörfjorden

Gard: Rogdo

G.nr. 62 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

- Noko etter eiga röynsle.

SVAR

1. Ein hadde eit matbord. Dette vart nytta til alle måltid.
2. Heile hüslyden sat ved same bordet. Slik er det no og.
3. Alle et på same tid.
4. Både husbondsfolk og tenarar et same mat.
5. Når der er kjökken og stove i husa, et ein på kjökken til dagleg.
6. Stova nyttar ein til å eta i ved selskap, når ein får gjester og liknande. Tenarane et der som husbondsfolka et.
7. For det meste har det vel vore så at alle har hatt sin faste plass ved bordet. Men dei var ikkje plasert på noko sers måte.
8. Det var ikkje skikk at borna måtte stå ved bordet og eta.
9. Husbonden sin plass heiter ikkje högsetet no. Han er ikkje merkt på nokon sers måte.
10. Her er ikkje talt om nokon

5004

heidersplass lenger.

11. Før var dei ikkje samvitsfulle om handvasken før dei gjekk til bords. Me veit ikkje så sikkert når dei byrja å leggja dekk på det. Så lenge folk minnest, har det vore vanleg å ta av seg huva ved bordet.

12. For lenge sidan åt nok alle av same fatet, men det var det heilt slutt med for femti år sidan. Dei hadde kvar sin mjølkekopp til grauten. Så lenge folk minnest bruka dei koppar av steintøy. Det var vanleg å duppa grautetugga i skeia ned i mjølkekoppen når ein åt. Sume gjorde det så at dei beit fyrst ein del av grautetugga i skeia, og så duppa dei resten i mjølka. Ein drikk no direkte av koppen. Me veit ikkje om det var då kaffi-drikkinga byrja at folk fekk kvar sin drikke-kopp.

13. Dei bruka fat til å servera varme rettar i. Dei hadde gjerne ein del nyare matkjerald som dei bruka når det var framande.

14. Til middag bruka dei gjerne å leggja fisken mellom flatbrødmolane når dei åt. Kjøt og sild vart ikkje bruka på denne måten.

15. Å ta sukkerbiten i munnen og drikka kaffi til, vert rekna som god bordskikk.

5004

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

16. Du reknar det ikkje for noko dårleg skikk å drikka kaffi av skåla

17. Me veit ikkje når gaffelen kom i bruk. Ein kan likevel hugsa at sume folk lika best å eta ymse matrettar utan gaffel.

18. Det kunne henda at du bruka tolekniv i spike-kjøt, ~~ell~~ elles var det bordkniv du brukte.

19. Kvar hadde si skei. Du var ikkje merkte med namn. Før bruka du for det meste treskeier og hornskeier. Me veit ikkje når du byrja å vaska skeiene.

20. Ein kand ikkje hugsa at du bruka noko anna enn vanlege tallerkar.

21. Korkje før eller no er det vanleg å bruka bord-duk til kvardags.

22. Sume brukar voksduk, elles brukar ein lakka eller målt bord som ein vaskar.

23. Kvar forsynte seg sjølv. Men då det var sup eller graut, hende det at husmora ausa opp på tallerkane føre du åt. Du forsynte seg ikkje i noko sers rekkjefylgja. Ordet etla er brukt.

24 — 25 —

26. Til vanleg så et borna utan hjelp ved bordet, når du er frå 5 til 8 år. Du forsyner seg sjølve når du er litt eldre. Mora hjelper du små borna.

5004

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

27. Folk kan så vidt hugsa at dei togg maten til småborn.
28 For nokså lang tid tilbake las dei nok for maten her og. Me veit ikkje når det vart slutt på denne skikken.
29. Som vanleg gjekk samröda livleg når dei åt. Det var ikkje ein sers persons som förde ordet.
30. Så vidt me veit har det vore vanleg å be ved bordet som elles. Me har ikkje höyrdt gjete noko ordtak om det.
31. Dei tokte det var dårleg framferd å syngja ved bordet.
32. Ein burde helst venta til alle var ferdige med maten för ein gjekk frå bordet.
33. Me veit ikkje om det var vanleg å takka for maten til kvardags för. No er det i alle höve ikkje brukt.
34. Dersom ein framand kom inn medan ein åt, sa han: Signe maten!
35. Ein trong ikkje be ein framand til bords om han kom inn medan ein åt.
36. Ein laga som regel ikkje mat til dei framande, anna enn ved dei vanlege måltida.
37. Svært ofte har det vore så at dei hadde noko betre mat til gjestene enn til seg sjölve. Slik er det no og.

5004

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

38. Det var ikkje vanleg å alltid ha ein kaffikopp til folk som kom inn om. Dei let ikkje kjelen stå på heile dagen. Dette er ikkje vanleg no heller.

39. Kvar dei let ein gjest eta og kven som et i lag med han, er vanskeleg å svara på. Dette skifter mykje frå gard til gard.

40. Før var det god skikk å lata seg nøyga til å eta, men slik er det ikkje no lenger.

41. Det er framleis skikken at nokon av husfolka skal halda gjesten med lag når han sit åleine og et. Men her er ikkje nokon regel for korleis denne mannen eller kvinna skal sitja.

5004

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING